



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
18/99005-2

Dykkar referanse:  
17/2350 – 18/6535

Vår dato:  
23.05.2018

### Uttale – Dispensasjon – Naust, kai, flytebrygge – Fv. 409 – Gnr. 25 bnr. 14 mfl. Haugland –

Statens vegvesen syner til brev mottatt 27.04.2018. Frist for uttale er 25.05.2018.

#### Kva saka gjeld:

Saka gjeld søknad om oppføring av dobbeltnaust med tilhøyrande kai/ flytebrygge og parkeringsplass på Akstadneset i Radøy kommune.

Omsøkte eigedom er uregulert og avsett til byggjeområde for naust jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy. Det vert søkt om dispensasjon frå plankrav for å opparbeide parkeringsareal i tilknytning til oppføring av eit dobbeltnaust.

#### Saksgang:

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova §19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

#### Uttale:

Kommunen vurderer at opparbeiding av parkeringsplass i naustområdet er i samsvar med arealføremålet jf. føresegner til kommuneplan, men at det er plankrav for dette tiltaket. Det er vidare opplyst at det er opparbeidd køyreveg frå fylkesveg 409 og fram til naustområdet, men at det er uklart kor tid vegen vart opparbeidd. Kommunen legg til grunn at køyrevegen ikkje er godkjent til dette føremålet.

Statens vegvesen har søkt i arkivet tilbake til 2003 og kan ikkje sjå å ha mottatt søknader som gjeld denne avkøyrsla dei seinare åra.

Den omsøkte eigedomen er del av eit uregistrert jordsameige for gardane i området. Eigedomen har i dag rundt 10 påståande naust, sjøboder el.l. Området er avsett til

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

naustføremål jf. arealplan for Radøy. Arealet er også del av kommunedelplan for Bø som er under utarbeiding.

Vårt primære syn er at området er godt eigna for ei regulering som kan avklare forholdet til felles infrastruktur som til dømes veg og parkering. Dette med bakgrunn i at det i dag er mange brukar i avkøyrsla og at det er potensiale for fleire naust innanfor det aktuelle området. Statens vegvesen stiller normalt krav om kryssutforming ved ÅDT høgare enn 50 på sekundærveg, det vil seie dersom avkøyrsla brukast av fleire enn 9 bueiningar. Forutan dei eksisterande nausta, er det 8 bueiningar som nyttar denne avkøyrsla. Vi meiner difor at grensa for å stille krav om kryssutforming snart er nådd. Når det vert stilt krav om kryssutforming vert mellom anna krav til sikt og svingradius skjerpa.

Dersom området ikkje vert regulert vil vi gjere merksam på at oppføring av naust som omsøkt krev eit avkøyrsløyve etter veglova. Fylkesveg 409 er første avkøyringspunkt frå offentleg veg. Vi har ikkje vore på staden, men vurdert avkøyrsla ut i frå fly- og vegbilete. Fartsgrensa på denne strekninga er 50 km/t og ÅDT er 1000. Vegstrekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 3* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*. Dersom det vert søkt om eit avkøyrsløyve kan dette påreknast dersom våre krav til utforming og sikt er tilfredsstilt.

**Vidare saksgang:**

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for eventuell klagevurdering.

Dersom kommunen godkjenner tiltaket utan å stille krav om reguleringsplan, må det søkjast om avkøyrsløyve etter veglova.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*